



# Kulturløftet

Nynorsk

## Kulturløftet

Kultur er heilt nødvendig for eit samfunn som legg vekt på demokrati, fellesskap, ytringsfridom og utvikling. Vi treng kultur som utfordrar, sameinar og får oss til å strekkje oss – som individ og i fellesskap. Samtidig har kulturen ein udiskutabel eigenverdi.

Regjeringa ønskjer at alle som vil, skal få høve til å skape uttrykk og få inntrykk; at det er mogleg å delta for alle og at opplevingane er tilgjengelege for alle. Derfor er det viktig med meir kultur – frå amatørar til utøvarar i verdsklassen. Frå det smale til det breie, frå det underhaldande til det utfordrande. Over heile landet. For alle.

Vi treng eit lokalt kulturløft. Kultur er viktig heile livet, men det er ei særleg viktig oppgåve å bidra til at barn og unge møter kultur tidleg, og at dei får medverke til og oppleve god kultur. Vi vil styrkje den kulturelle grunnmuren ved å vidareutvikle kulturtildoda der menneska bur og lever livet sitt.

Noreg er eit mangfaldig land. Eit breitt spekter av røyster, meininger og talent gjer kulturen betre. Vi vil føre ein kulturpolitikk som har plass til både breidde og topp. Dei er gjensidig avhengige av kvarandre. Dei mest framståande utøvarane blir rekrutterte frå det breie kulturlivet.

Sidan vi overtok regjeringsmakta i 2005 har vi sett kultur høgt. Gjennom Kulturløftet har vi løfta kultur opp til elitedivisjonen i politikken. Det har gitt viktige løft til blant anna musikk, litteratur, museum, scenekunst, visuell kunst, design, arkitektur, film, dataspel, dans og frivilligheit. Dette løftet skal halde fram.

Vi gir no eit nytt kulturløfte: Vi vil sikre plassen kulturen har i statsbudsjettet og sørge for at éin prosent går til kultur også i neste stortingsperiode. Det vil gje framleis vekst i kulturbudsjetta dei neste fire åra.

## 1 Kulturløftet held fram

Éin prosent av statsbudsjettet skal gå til kultur.

## 2 Kulturens grunnmur

Den kulturelle grunnmuren omfattar og blir utvikla der menneske bur og lever liva sine. Eit rikt og mangfaldig kulturliv blir bygt opp med utgangspunkt i lokale føresethnader. Å styrke det lokale kulturlivet og den frivillige innsatsen vil bidra til eit meir likeverdig tilbod i små og store lokalsamfunn. Gode lokale kulturarenaer er avgjerande for å utvikle små og store talent.

### **Regjeringa vil:**

- Betre samordninga mellom stat, fylke og kommune og utjamne geografisk fordeling av kulturmiddlar
- Utvikle ein nasjonal strategi for biblioteksektoren og styrke formidlingsrolla til folkebiblioteka. Sikre at biblioteka framleis skal vere eit gratistilbod

- Leggje til rette for fleirbruk i kulturbygg, bidra til gode øvingslokale, fleire regionale visningsarenaer og utvide musikkutstyrssordninga
- Styrke arbeidet med dirigentutvikling
- Satse vidare på Frifond og oppretthalde denne ordninga som ei ubyråkratisk og effektiv ordning for lokalt barne- og ungdomsarbeid
- Satse vidare på frivillighet gjennom forenkling: Frivilligehetsregisteret skal vere inngang til offentlege tilskotsordningar. Utarbeide prinsipperklæring for samarbeid mellom det offentlege og frivillige organisasjonar for å løyse samfunnsoppgåver på ein betre måte
- Arbeide for å styrke kulturskuletilbodet over heile landet

### **3 Kultur og kunstnarleg fridom**

Kunsten må vere fri. Eit sterkt og fritt kulturliv er avgjerande for ytringsfridomen og for eit levande demokrati. Kunstnarane bidrar til å utvikle det offentlege ordskiftet og oss som samfunn gjennom sine uttrykk.

#### **Regjeringa vil:**

- Sikre gode vilkår for kunstnarleg fridom og ytringsmangfaldet
- Sikre sterke og kunstnarleg frie institusjonar over heile landet
- Arbeide for å styrke levekåra til kunstnarane og sikre at opphavsmenn får betalt for bruk av åndsverk
- Sikre ei solid og moderne pressestøtteordning som bidreg til breidd og meiningsmangfold i media over heile landet. Behalde NRK som ein reklamefri allmennkringkastar med god distriktsprofil

### **4 Kultur heile livet**

Kultur gir opplevingar, livskvalitet og helse. Vi vil leggje til rette for god tilgang til kulturopplevingar gjennom hele livet.

#### **Regjeringa vil:**

- Ta kulturlivet og samarbeid med frivillige organisasjonar med i arbeidet med folkehelse og omsorg
- Gje statleg støtte til kommunane si satsing på sosial utjamning og fagleg styrking i kulturskulen
- Leggje til rette for auka samarbeid og styrkt innsats i og mellom barnehage, skule og kunst- og kulturfaglege miljø
- Styrke og utvikle talentprogram
- Gjere kulturskuletimen til ei lovpålagd oppgåve. Leggje til rette for kvalitet og likeverdig innhald i kulturskulen. Styrke innhald og organisering av den kulturelle skulesekken
- Vidareutvikle den kulturelle spaserstokken og den kulturelle nistepakka i arbeidslivet

## 5 Kultur for framtida

Ny teknologi gir nye mogleigheter for kulturelle uttrykk og formidling. Vi vil satse på kulturell innovasjon og tilrettelegging for overgang til nye format.

### **Regjeringa vil:**

- Styrke arbeidet med digital formidling av kunst og kultur, leggje til rette for utvikling av dataspelteknologi til underhaldning, læring og kulturformidling
- Bidra til at mangfold, kvalitet og profesjonalitet i norsk musikk blir sikra i overgangen til nye plattformer
- Lage ei stortingsmelding om film med vekt på kvalitetsutvikling, talentutvikling og styrking av regional filmsatsing og film for barn og unge

## 6 Kultur med mangfold

Krafta og kvaliteten i kulturen blir sterkare di fleire røyster som ber han fram. Mangfold er ein styrke. Kulturløftet skal inkludere og vareta det kulturelle mangfaldet i Noreg. Dette omfattar både norsk kulturarv, samisk kulturarv, i tilegg til kulturarven og kunstuttrykka til nasjonale minoritetar og andre kulturelle minoritetar.

### **Regjeringa vil:**

- Søkje mangfold i alle ledd av kulturproduksjonen, frå skapar til mottakar. Ta i bruk dei mange talenta og få til regional breidd i nasjonale kultursatsingar
- Gjennomgå verkemiddelapparatet for å stimulere til breiare rekruttering, eit større mangfold av historiar og at fleire kulturuttrykk når eit breiare publikum
- Sikre nynorsk og bokmål som likestilte språk
- Styrke samisk kultur og språk mellom anna gjennom eit samisk filmsenter

## 7

## Kulturarven og kulturminne

Vi skal leggje til rette for moderne kulturuttrykk og ta vare på vår kulturelle arv, både den materielle og immaterielle. Handverkstradisjonar og musikalske uttrykk frå historia vår skal ikkje gå tapt. Ulike kulturminne og kulturmiljø har mykje å seie for identitet og trivsel og er ein viktig del av kulturarven.

### Regjeringa vil:

- Styrke formidlinga av folkemusikk, kyrkjemusikk, tradisjonsdans og tradisjonshandverk og leggje til rette for digital formidling av kulturarven
- Gjennom Norsk kulturråd sitt arbeid med ei raudliste for tradisjonelle kulturuttrykk bidra til å sikre at kunnskapen og ferdighetene blir tatt vare på og vidareførte
- Gjennomføre bevaringsprogramma på kulturminneområdet og fortsette eit kunnskapsløft for sektoren
- Utarbeide ein plan for freding av prioriterte kulturmiljø fram mot 2020

## 8

## Kultur med kvalitet

Norsk kultur skal famne breitt og vi skal strekkje oss mot toppen. På vårt beste er vi i verdsklassen. Auka satsing på kvalitet og auka satsing på kunnskap vil løfte kulturen vidare.

### Regjeringa vil:

- Lage ny stortingsmelding for kulturpolitikken fram til 2024, som baserer seg på ein heilskapecleg gjennomgang av sektoren
- Bidra til kompetanseheving og forsking i kultursektoren
- Leggje til rette for betre arrangørkompetanse over heile landet

## 9 Kultur som arbeid og næring

Kulturen gir oss noko å leve for og noko å leve av.

### **Regjeringa vil:**

- Styrke kulturnæringane gjennom samordning av støtteordningar, samlokalisering og styrkt samarbeid med andre næringsaktørar
- Leggje til rette for at fleire kunstnarar og kulturarbeidarar kan leve av kunsten gjennom fleksible og føreseielege støtteordningar
- Gjere skodespelar- og dansaralliansen til ei permanent ordning
- Leggje til rette for auka eksport og styrke moglegheitene for norsk kulturliv i internasjonale samanhengar

## 10 Kultur for alle

Vi vil gjøre det mogleg for fleire å delta. Fleire må få høve til å utvikle talentet sitt. At fleire er med kan også vere viktig for å utvikle kvaliteten i kunst og kultur.

### **Regjeringa vil:**

- Styrke arbeidet med å leggje til rette slik at fleire brukar kulturtildob
- Støtte arbeidet som frivillige organisasjonar og lokalt kulturliv gjer for å inkludere barn som elles ikkje deltek
- Fjerne hinder for deltaking og gi grupper som møter ulike utfordringar reelle sjansar til å ta del i aktivitetar og kulturtildob

Utgjeve av:  
Kulturdepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire  
eksemplar frå:  
Servicesenteret for departementa  
Internett: [www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)  
Telefon: 22 24 20 00

Publikasjonskode: V-0964 N  
Design: Magnolia Design AS  
Trykk: 07 Xpress 08/2013 - opplag 50

[www.regjeringen.no/kulturloftet](http://www.regjeringen.no/kulturloftet)  
Twitter: #kulturløftet



KULTURDEPARTEMENTET